



Altbygg As
Leirvikveien 52A
5179 GODVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/7102 - 23/75394

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
29.09.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/418 Flatøy

Tiltak: Enebolig med hybel/sokkelleilighet
Byggjestad: Gbnr: 1/418
Tiltakshavar: Altbygg As
Ansvarleg søkjar: Handeland Byggsøk

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.09.2023.

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Flatøy sør-aust, planid 1256-19971015, er avsett til byggeområde for bustadar, B5.

Det går fram av føresegn 4.7 i kommunedelplanen for Meland, planid 1256-20190001, at reguleringsplanen er vidareført, men med supplerings/ending som bestemt i føresegn 4.7.1 og 4.7.2.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Utnyttelsesgraden for eigedomen er 25 % BRA, jf. føresegn § 3 d). Det må sendast inn nytt arealrekneskap for BRA og utnyttelsesgrad i henhold til bruksareal. Det bør vurderast om det er naudsynt med dispensasjon.
2. Føresegn § 3 e) har krav om at det for område B5 skal utarbeidast ein bebyggelsesplan (detaljregulering). Det må evt. søkjast om dispensasjon frå dette kravet.
3. Det bør avklarast med Vestland fylkeskommune om titlaket krejver utvida bruk av avkøyrsløp.

4. Dersom tiltaket ikkje har vært vurdert opp imot reguleringsplanen, anbefaler kommunen at det blir gjort.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Altbygg As
Handeland Byggsøk

Leirvikveien 52A
Rabben 55

5179 GODVIK
5108 HORDVIK